

Listekandidatar Vestre Slidre Senterparti

1. Haldor Ødegård - 1963 (kumulert)
2. Gerd Nanti Vika Helle - 1958 (kumulert)
3. Lars Kvissel - 1961
4. Marianne Granheim Trøyflat - 1981
5. Frode Rolandsgard - 1971
6. Johanna Fuglesteg - 1956
7. Knut Kjøs Egge - 1957
8. Sigrid Myrheim - 1983
9. Erik Røn - 1976
10. Per Håvard Moe Nevland - 1978
11. Anne Berit Strømmen Strand - 1957
12. Gullik Stee - 1950
13. Kristine Ringsaker Vika - 1984
14. Einar Lome - 1999
15. Edith Helle - 1964
16. Ola Bakke - 1970



Følg oss gjerne på Facebook:

facebook.com/VestreSlidreSenterparti/

Bli medlem?

send SMS med kodeord SP til 2360 eller epost til medlem@sp.no



sp.no/vestre-slidre

allprofil.no

Vestre Slidre Senterparti Program 2019 – 2023

sp.no/vestre-slidre

Godt nærmiljø i bygd og by

Vestre Slidre

er ein god kommune å bu i. Vi har ein god skule, ei solid eldreomsorg og eit variert næringsliv. Kommunen har god økonomi og engasjerte tilsette. Alt ligg til rette for ei spennande framtid, der vi har plass til enda fleire innbyggjarar.

Ordførarkandidaten vår, Haldor Ødegård, har vore medlem av kommunestyret sidan 2007. Han har heile tida vore ein aktiv politikar, med stor engasjement for næringsutvikling, frivillig idretts- og kulturliv og lokaldemokratiet. Haldor har vist stor samarbeidsvilje, også med andre parti.

Det er viktig at ein framtidig ordførar har eit godt nettverk. Haldor har gode kontaktar med nabokommunane og med fylkes- og stortingspolitikarar. Senterpartiet kan gjennom alle nivå i partiet sitt få hjelpt til å påverke viktige prosessar for Valdres.

Senterpartiet vil få på plass ein ny sjukeheim i den neste fireårsperioden. Vidare skal den som er sjuk eller treng støtte i ei vanskeleg fase av livet, kjenne tryggleik ved å bu i Vestre Slidre.

Barn og ungdom skal ha nok vaksenpersonar rundt seg i barnehagane og skulen.

Senterpartiet vil satse på tettstadutvikling i bygdesentra våre, der bygging av ein mogleg turnhall, gangvegar og bustadbygging er nokre av tiltaka vi ser for oss.

Vi vil ha tett kontakt med bedrifter i Vestre Slidre, for å høyre kva dei treng for å auka aktivitet og sysselsetjing i kommunen. Senterpartiet vil satse på vidareutvikling av landbruket og andre bedrifter.

Senterpartiet vil gjera Vestre Slidre til ein enda meir triveleg og attraktiv kommune å høyre til i.

Hovudsatsingar for Vestre Slidre Senterparti

- Ny sjukeheim med base og garasjeanlegg for heimesjukepleia
- Næringsutvikling og arbeidsplassar
- Tettstadutvikling med auka bustadbygging



HELSE OG VELFERD

Helsenester

- Ny sjukeheim har høg prioritet for Senterpartiet. Det blir betre for pleietrengande og for dei som arbeider der. I bygget vil vi inkludere base og garasjeanlegg for heimesjukepleia.
- Folk skal få bu heime så lenge som mogleg. Anten i eigen bustad, gode omsorgsbustader eller ved god heime sjukepleie og ved bruk av velferdsteknologi.
- Vi vil satse på rekruttering av sjukepleiarar.
- Bidra til etterutdanning for helsepersonell.
- Vi vil styrke frivilligsentralen.



Folkehelse

- Folkehelse styrkar vi gjennom ei aktiv befolkning. Turmål, stolpejakt, gågrupper, skiløyper, stigar og idrettslag er viktige tiltak.
- Vi vil satse på psykisk helse gjennom førebygging og ein sterkt akuttberedskap. Alle ungdommar skal ha samtale med kommunepsykolog/ helsesøster.

Beredskap

- Jobbe for kort responstid for ambulanse, politi og brann. Riktig kompetanse må koma først til ulykker og åstad.
- Vi ønskjer felles brannvesen i Valdres med gode, lokale brannstasjonar i heile regionen.
- Et handlekraftig lokalsamfunn er også viktig for totalberedskapen.



OPPVEKST, SKULE OG KULTUR

Skule og barnehage

- Full barnehagedekning
- Ein skule som gjev barna lærerlyst for livet og i livet
- Realfagskommunesatsinga i Vestre Slidre skal vidareutviklast.
- Kompetansekrav for lærarar – vi vil legge til rette for vidareutdanning.
- Arbeide for tidleg innsats i skulen og barnehagane.
- Sikre oppdaterte læremiddel og at desse også er tilgjengeleg på nynorsk.
- Senterpartiet er positive til at det blir jobba med entreprenørskap i skulen.

Kulturskule

- Halde fram med å ha ein av landets beste kulturskular.
- Grunnskulen bør framleis få nytte godt av lærarkompetansen i kulturskulen i estetiske fag.



BORN OG UNGE, KULTUR OG IDRETT

- Vi er positive til bygging av turnhall i Vestre Slidre, dersom rammene for kommuneøkonomien tillet det.
- Senterpartiet er positive til å finne gode løysingar for ungdomshus/lokale i samråd med ungdommen sjølve.
- Vi vil oppretthalde ungdomskontakten.
- Vi vil arbeide for å få til ein jobbsentral for ungdom.
- Skape gode vilkår for det frivillige kultur- og idrettslivet gjennom ein kommune som står opp om arrangement og tiltak.
- Støtte opp om kodeklubar og møte plassar for skapande evner både innan teoretiske og praktiske fag.

Kyrkje

- Vi vil ha godt vedlikehald av kyrkjer og bårehus.
- Jobbe for ein trivselspark rundt stabburet i prestegarden.

Integrering av tilflyttarar og innvandrarar

- Ta godt i mot alle nye innbyggjarar gjennom aktiv kontakt og rekruttering av fadderfamiliar.
- Inkluderande tiltak 17. mai, velkomstbrev, treff for unge vestreslidringar etc.
- Profilere aktivitet og tilbod i bygda gjennom gode nettsider

LANDBRUK OG MILJØ

Landbruk

- Senterpartiet vil jobbe for optimisme i landbruket og at unge folk skal ha lyst til å ta over, gjennom gode tiltak frå landbrukskontoret og samarbeid med flaglaga.
- Stimulere til nybygging av små og mellomstore fjøs gjennom tiltakspakke frå Innovasjon Norge.

- Halde på støtta til mjølkekvotekjøp og andre investeringar i landbruket.
- Framleis god landbruksvikarordning.
- Vera aktiv i politiske spørsmål om nydyrkning og rovdyrforvaltnings.
- Sikre grunneigarinteresser, til dømes i verneplanar.
- Der dyrka mark blir nedbygd, bør den erstattast med ny dyrka mark.
- Ta omsyn til beitedyr i konfliktar med stigar og hyttebygging.
- Det beste vernet av fjellet er aktiv bruk.

Klima/ Miljø

- Utbygging av VA i fjellet for å sikre vassdrag mot forureining.
- Miljøtorg i fjellet, med sortering av avfall frå hyttefolket.
- Kommunen skal utnytte ordninga med klimasatsmidlar frå staten og ta miljøomsyn ved innkjøp og forbruk.
- Beiting er viktig for mange raudlisteartar og for å hindre attgroing av kulturlandskapet.





SAMFUNNSUTVIKLING OG NÆRING

Hyttebygging og reiseliv

- Vi ønsker framleis aktiv hyttebygging i Vestre Slidre, der hyttebygginga er bærekraftig og miljøtilpassa.
- Vi ønsker ei fjellgrense, med lokale tilpasningar, for å skåne høgfjellet for vidare hyttebygging.
- Utbygging av vann og avløp i fjellet frå Vaset til Syndin, for å skåne vassdraget for framleis kunne drive hyttebygging på Syndin.
- Vi ønsker primært sterkare utnytting av eksisterande hytteområde framfor å ta i bruk nye område.
- Styrke marknadsføringa av reiselivet i kommunen.
- Stigar og kloppar i beiteområde skal ta omsyn til beitedyr.
- Stimulere til samarbeid mellom mindre byggfirma om felles utvikling og marknads-

- føring, for å auke ordretilgangen for lokale leverandørar og dermed auke verdiskapininga i Vestre Slidre.
- Fokus på klima- og miljøvenlege løysingar i framtidige hytteområde.

Lokale bedrifter

Nye og eksisterande bedrifter skal oppleva støtte frå kommunen gjennom følgjande tilbod:

- Vi er positive til kontorfellesskap for små, private bedrifter.
- Oppfølging frå ordførar/ administrasjon så kommunen veit kva bedriftene ønsker.
- God kontakt med offentleg støtteapparat.
- Rådgjeving og politisk støtte.
- Oppretthalde satsing på fiber- og breiband i heile kommunen.
- Arbeide for statlege og utvikling av private arbeidsplassar.

- Informativ nettside med informasjon om aktivitet, kultur og reiseliv.
- Følgje opp Nasjonal transportplan for utbygging av E16. Ha dialog med nasjonale politikarar for å påverke prosessen.

Læringsplassar

- Vi vil arbeide for ein felles lærlingegaranti i Valdres, spesielt innan helse.

Bustader

- Stimulere til utvikling av nye bustadkonsept, og undersøke moglegheit for bustadbyggelag eller andre løysingar.
- Vi er positive til spreidd bustadbygging med store tomter utanfor regulerte felt.

Regionalt samarbeid

- Regionalt samarbeid er ein stor del av drifta i Vestre Slidre. Senterpartiet ønskjer eit effektiv regionalt samarbeid der vi samarbeider om det vi må og held på dei teneste vi kan.
- Vi vil arbeide for at fleire regionale arbeidsplassar blir plassert utanfor Fagernes, samtidig som Senterpartiet vil kjempe ein kamp for å behalde statlege arbeidsplassar i Valdres. Eit mangfaldig arbeidsliv er viktig for regionen.

